

Teknikk næring og eigedom
Landbrukskontoret

Dato : 04.01.2010
Vår ref. : 10/7-2/V60
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Eldri Siem
Telefon : 61216192
Telefaks : 61216191
E-post : postmottak@nord-fron.kommune.no



Nord-Fron
kommune

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 01

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

ADMINISTRATIV UTTALE TIL HØYRING - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA

Syner til brev datert 14.09.2009 jf. høyring av forslag til verneheimel i jordlova. Statens landbruksforvaltning har på oppdrag frå LMD lagt fram forslag til verneheimel i jordlova. Rapporten, Vernehjemmel i jordlova, frå SLF saman med departementet sitt høyringsbrev og revidert lovforslag er publisert på www.regjeringen.no/lmd.

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høyring forslag om ein verneheimel i jordlova. Bakgrunn er at dyrka jord er ein ikkje-fornybar ressurs og eit naudsynt grunnlag for at framtidige generasjonar skal ha moglegheit til å produsere eigen mat på eiga jord. Riksrevisjonen sine undersøkingar av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge syner at produktive jordressursar ikkje blir teke vare på slik Stortinget har føresett.

Departementet foreslår nye paragrafar i jordlova som heimlar moglegheita for å gje verdifulle jordressursar varig vern som *jordvernområde*. Arbeidet med vernet skal leggjast til fylkesmannen. Moglegheita til å omdisponere og dele frå dyrka jord i jordvernområda blir innskrenka og fylkesmannen blir gjeve myndigheit til å behandle omdisponerings- og delingssaker i jordvernområda. Forslaget til verneheimel er avgrensa til å omfatte *dyrka jord*. *Dyrkbar jord* er ikkje omfatta av forslaget.

Det er sett opp kriterium for kva for område som skal vernast. Vernet skal gjelde *verdifull dyrka jord* der arealet sin kvalitet og om det er eigna til matproduksjon (særleg for matkorn) vil vera vesentlege kriterium, men også areal til fôrproduksjon kan vera aktuelle. Utbyggingspress er også eit moment i vurderinga av aktuelle jordvernområde. Areal bør vera av ein viss storleik og mest mogleg samanhengjande. Områda skal vernast erstatningsfritt og vernet skal ikkje føre til eit mindre sterkt jordvern i områda som ligg utanfor verneområda.

Regjeringa har som målsetting å halvere den årlege omdisponeringa av verdifulle jordressursar innan 2010. SSB sin statistikk syner at i 2008 vart det bygd ned 7900 daa matjord. Målsettinga er at omdisponering av dyrka mark ikkje skal overstige 5700 daa pr. år.

Nord-Fron kommune vil med dette koma med uttale til nokre hovudpunkt i samband med høyringa:



Nord-Fron kommune ser positivt på at jordvernet i Norge får ei sterkare stilling. Dette er med bakgrunn i eit aukande folketal (behov for meir mat) og for å hindre omdisponering av dyrka mark til andre føremål enn jordbruksproduksjon dvs. vekstmedium for planteproduksjon eller hagebruk. Ut frå eit reint jordbruksfagleg synspunkt, kan det såleis vere positivt at det blir etablert eit regelverk som sikrar eit sterkare jordvern. Ein meiner samla sett likevel eit styrka vern kan skje gjennom gjeldande jordlov, utan at det er behov for ein ny paragraf som heimlar varig vern som *jordvernområde*.

I høyringsforslaget er det lagt opp til at fylkesmannen skal handsame søknadene/gje samtykke til omdisponering og deling i jordvernområde med SLF som klageinstans. Det at evt avgjerd i slike saker blir lagt til regionale myndigheiter vil kunne sikre ei meir lik praktisering av jordlova. Ein må likevel påpeike at ei flytting av forvaltningsnivået til fylkesmannen vil medføre svekking av lokaldemokratiet i høve til å ta avgjerd for jordvernområder.

LMD slår fast at det ikkje er aktuelt å verne all dyrka jord. I samband med høyringsuttala vil ein likevel stille spørsmål om kva SLF/LMD meiner med omgrepet *verdifulldyrka jord*. Som tidlegare nemnt er det sett opp nokre kriterium for kva som er verdifulldyrka jord utan at dette er klart definert. Det regionale arbeidet med å finne fram til aktuelle jordvernområde kan dermed slå svært ulikt ut. Ein er av den oppfatning at regionale prosessar med å finne fram til aktuelle jordvernområde blir ressurskrevjande utan at resultatet vil bli ein vesentleg styrking av vern av matjord.


Jordbruksareal nytta til matproduksjon, særleg for matkorn, blir trekt fram som verdifulldyrka jord. Dyrka mark som i all hovudsak er best eigna til grovfôrproduksjon, er også viktig jordressurs for å sikre matproduksjonen i landet. Ein ser at i kommunar der dyrka jord er nytta til grovforproduksjon, er det også eit press på jordbruksarealet/ fulldyrka mark.

Ein meiner det er riktig at evt. vedtak om jordvern ikkje får verknad for tiltak der det allereie er gjeve samtykke til omdisponering etter § 9 i jordlova (jf. § 13 fjerde ledd bokstav a).

Verknaden av evt vernevedtak blir at den verna jorda ikkje kan nyttast til anna føremål enn jordbruksproduksjon og at forbodet omfattar bygging av landbruksveggar og oppføring av bygningar knytt til drifta. Det er viktig at det er moglegheit for å søkje om dispensasjon dersom det er naudsynt med omdisponering av verna jord for å bygge veggar og bygningar knytt til drifta for å sikre den vidare drifta av landbrukseigedomen.

SLF har foreslått å leggje opp til ein brei og grundig prosess i høve til medverknad og ei ope og inkluderande sakshandsaming i verneprosessen der alle "berørte" interesser, her kommunar og fylkeskommunar som planmyndigheit, skal involverast og gjevast moglegheit til å uttale seg. Dette meiner kommunen er svært viktig.


Per Oluf Solbraa
Kommunalsjef


Eldri Siem
Jordbrukssjef